

Mandat for Brukarråd

Klinikk for psykisk helsevern (VOP)

Formål/ Funksjon

Brukarrådet skal vera eit rådgjevande organ for leiinga i psykiatrisk klinikk, ved DPS og sjukehus i saker som angår tilbodet til pasientar, brukarar og pårørande.

Brukarrådet er ein viktig medspelar i utvikling av tenestetilbodet i psykisk helsevern/Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)for vaksne. Målet er å skapa eit godt samarbeid mellom pasientar og tenesteapparatet basert på:

- Reell medverknad
- Betre kvalitetssikring av tenestene
- Gjensidig respekt
- Likeverdig kommunikasjon
- Styrking av tenesteapparatet sin forståing av reell brukarmedverknad frå eit brukarperspektiv

Samansetnad

Brukarråda skal vera samansett av 4 brukar- og pårørandererepresentantar og 2 varapersonar og 3 fagpersonar.

- **Konstituering**
Leiar og nestleiar skal vera brukar- eller pårørandererepresentant. Fagperson skal vera sekretær for Brukarrådet. Fagpersonar skal representera både DPS og sjukehus.
- **Funksjonstid**
Representantane vert valt for 2 år om gongen.
- **Kriterier/Forventningar**
Brukar- og pårørande representant bør vera valt for å representera brukarorganisasjonar. Det skal vera ein person som har opplevd det å vera pasient eller pårørande i psykisk helsevern. Ein person som kan snakka på vegne av fleire på grunnlag av egne erfaringar, men som har ein viss avstand til eigen sjukdom.

Arbeidsoppgåver

Brukarrådet skal vera fora for tilbakemelding frå pasient og pårørande om erfaringar med helsetenesta. Dei skal handsama og følgja opp resultat frå brukarundersøkingar og evalueringar av tenestetilboda.

Brukarrådet skal fremja saker som er viktig for pasient og pårørande. Brukarrådet bør vera representert i samhandlingsarenaer med leiing og nettverksmøter med t.d. kommunehelsetenesta.

Brukarrådet skal bidra med kompetanse i planarbeid, og føreslå brukarrepresentantar i råd og utval. Brukarråd skal vera representert i omstillingsprosjekt som vedkjem utforming og endring av pasienttilbod og i alle saker som vedkjem pasientinformasjon. Brukarrådet skal gje innspel til høyringsuttalar.

Brokarrådet skal ikkje handsama einskildsaker frå pasient.

Arbeidsform og samarbeid

Brokarråda bør ha 6 møter i året. I hastesaker kan ein supplera med telefonmøter og mail utveksling.

Klinikkleiing

For å ivareta samarbeid med klinikkleiing i viktige avgjerd som vedkjem tenestetilbodet, skal leiarar ved Brokarråda ha høve til å møta i Seksjonsleiarmøta med klinikkdirektør minimum 2 gonger i året.

Seksjonsleiing DPS

Brokarråda ved leiar og nestleiar skal ha høve til å møta på seksjonsleiarmøta i DPS minimum 4 gonger i året.

Samhandlingsmøter/ Nettverksmøter

Leiar og nestleiar har høve til å delta på årlege samhandlingsmøter eller fagnettverksmøter med kommunehelsetenesta. Det gjeld møter av overordna karakter t.d. samarbeidsspørsmål og organisasjonstilpassingar.

Brokarutval

Brokarrådet og Brokarutval har høve til å utveksla saksliste og referat frå møta via Helse Fonna sitt Intranett. Brokarråda har høve til å ha årleg felles møte der sekretær frå Brokarutvalet også deltek. Leiar og nestleiar i Brokarråda vert invitert til Brokarutvalsmøta minimum 1 gong årleg.

Opplæring

LMS psykiatri har ansvar for opplæring av nye medlemmer til Brokarråda felles for fagrepresentantar og brukarrepresentantar.

LMS har ansvar for i lag med leiarar for Brokarråda å skipa til årlege felles fagdagar for råda.

Godtgjering

Brokarrepresentantar får dekkja reiseutgifter og møtegodtgjering etter Helse Fonna sine gjeldande satsar.